



## Statens vegvesen

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Olav Lofthus / 55516212

Vår referanse:  
16/128356-1

Deres referanse:

Vår dato:  
24.08.2016

### Høring – Utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane

Statens vegvesen legg med dette utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane ut til offentlig høring. Høyringsfrist er fredag 18. november 2016.

Utgreiinga er ei vidareføring av KVV/KS1 for transportsystemet i Bergensområdet (2011), der regjeringa i april 2013 fastsette at «aktuelle prosjekt og tiltak må vurderes trinnvis». I KVV er det tilrådd å starte planprosess for Ringveg øst. Arbeidet er også ei oppfølging av vedtak i Bergen bystyre den 18.6.2014 (sak 165-14) der bystyret ber om at det vert gjort ei ny utgreiing om trase og kryssløysingar for E39 mellom Åsane og Nordhordlandsbrua.

Arbeidet som vert lagt fram viser at spørsmålet om Ringveg øst (flytting av E39) og løysing nord i Åsane er samansett og komplisert. Litt forenkla kan ein seie at ein i tillegg til «nullalternativet» har tre konsept å velje mellom:

1. Ikkje flytte E39, satse primært på auka restriksjonar
2. Konsept «vest» via Eidsvåg, kombinert med auka restriksjonar
3. Konsept «øst» via Arna, kombinert med auka restriksjonar

Ingen av konsept eller kombinasjonane som er utgreidd, verken det å satse berre på byggeprosjekt eller auka restriksjonar, vil gi positiv måloppnåing på alle identifiserte mål og behov. Dei gir ulike trafikale verknader. Det er også klart at bygging av ny E39 vil krevje store investeringar og ha klart potensial for arealkonflikatar.

- Statens vegvesen si vurdering er at byområdet er best tent med konsept «øst» via Arna i kombinasjon med prinsipp «N1», «N2» eller «N3» nord i Åsane, jamfør tilråding og grunngjeving i kapittel 7.2 og 7.3. Det vert tilrådd å starte formell planprosess med kommunedelplan etter Plan- og bygningslova.
- Det kan vere aktuelt med statleg kommunedelplan etter §6-4 i PBL. Dette er eit stort samferdselsprosjekt der nye løysingar for det overordna riksvegnettet direkte og indirekte berører fleire kommunar. Slik vi ser det, kan det her potensielt oppstå stor usemje om val av løysing. Det må også forventast at det kan oppstå konflikatar mellom lokale og nasjonale interesser. Ringveg øst vil her ha grensesnitt med statleg plan for E16/jernbane Arna-Stanghelle.

Postadresse  
Statens vegvesen

Telefon: 02030

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

Org.nr: 971032081

9815 Vadsø

Høringsinnspel vil oppsummerast og vere grunnlag for vidare arbeid med planprogram. Vi ber spesielt om uttale til:

- Val av korridor
- Planprosess med eventuell statleg plan

Uttalar merkast «Høyring Ringveg øst/E39 nord i Åsane», og sendast innan fristen til:  
Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Med venleg helsing

Helge Eidsnes  
regionvegsjef  
Statens vegvesen Region vest

Hovudrapport med vedlegg kan lastast ned på  
[www.vegvesen.no/vegprosjektoreuropaveger/e39ringvegost/](http://www.vegvesen.no/vegprosjektoreuropaveger/e39ringvegost/)